



Hordaland fylkeskommune  
25 JUN 2014

Hent AS v/Jørgen Brusdal Frønes  
Vestre Rosten 79  
7075 Tiller

Vår ref: 14/875-3      Etat/ avd.: TE      Saksbeh: GUN      Ark.: GBNR 54/5      Dykkar ref.:      Dato: 23.06.2014

**RAMMELØYVE FOR RIVING PÅ GNR 54 BNR 5. VOSS  
JORDBRUKSSKULE, INTERNAT/ADMINISTRASJONSBYGG M.FL.**

**Saksnr D FPL 325/14**

Søknad om rammeløyve er mottaken her 16.05.2014.

**Gjeld:** *Riving av internat,  
administrasjonsbygg m.fl.*  
**Byggestad:** *Voss Jordbruksskule, 5710  
SKULESTADMO*  
**Eigedom:** *54/5*  
**Tiltakshavar:** *Hordaland fylkeskommune*

	<i>Fagområde og tiltaksklasse</i>	<i>Føretak</i>	<i>Org.nr</i>
<b>ANSVSØKER:</b>	<i>Tilt.kl.1</i>	<i>Hent AS v/Jørgen Brusdal Frønes</i>	<i>974384051</i>

**1. Søknaden gjeld:**

Riving av 11 bygningar sør på Voss jordbruksskule

**2. Fakta om saka:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for nabovarsling. Det vert vurdert at deira interesser ikkje vert påverka av tiltaket.

Følgjande kart og teikningar ligg til grunn for vedtaket:

- Oversiktskart i 1: 2500
- Foto, mottatt 16.05.2014

**3. Planstatus:**

Parsellen ligg i regulert område: Område for Vidaregåande skule – Skulestadmo – Detaljreguleringsplan. Planid 09020.

**4. Vurdering av søknad:**

Tiltaket er i tråd med plan.

#### 4.6 Tilhøvet til anna lovgjeving og private rettstilhøve:

Løyvet er gitt i henhold til plan- og bygningslova og gir ikkje utan vidare rett til å byggja i høve til anna lovgjeving eller privatrettslege tilhøve, jf pbl § 21-6.

**Plan- og bygningsmynde legg til grunn at ansvarleg søkjar vidareformidlar aktuelle krav til utførande føretak. Dette løyvet, med dei kart og teikningar det viser til, skal alltid vere tilstades på byggeplassen. Eventuelle endringar må godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.**

#### **Vedtak:**

I medhald av § 20-1 i plan- og bygningslova vert det gjeve rammeløyve for riving på gnr/bnr. 54/5 i samsvar med søknad, med desse atterhald og merknader:


1. Tiltaket kan ikkje setjast i gang før kommunen har gjeve igangsetjingsløyve.
2. Det skal betalast byggesaksgebyr på kr. 7927,-. Gebyrkrav vert ettersendt
3. Alt byggearbeid må utførast etter plan- og bygningslova med tilhøyrande regelverk.


Er ikkje arbeidet igangsett seinast 3 år etter at søknad er sendt kommunen fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeidet vert innstilt for lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9. Kommunen kan til eikvar tid i løpet av byggesaka, og inntil 5 år etter at ferdigattest er gitt, gjennomføre tilsyn, jf pbl § 25-2.

*Vedtaket kan påklagast, jf. plan og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova § 28. Eventuell klage må framsetjast skriftleg til kommunen innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteken, jf. forvaltningslova § 29.*

*Vi gjer merksam på ein klage kan medføre at vedtaket blir oppheva. Vi rår dykk difor til å vente til klagefrista har gått ut før de tek til med arbeidet.*

Med helsing

  
Gunhild Ormbostad Rong  
sakshandsamar

  
Stefan Karlstrøm  
fagleiar byggesak

Kopi til: **Hordaland Fylkeskommune, pb 7900, 5020 Bergen**  
Møtebok for utvalet